

BESTANDSPLAN

For

Brattefjell-Vindeggen

villreinområde

PERIODEN 2024-2028



INNLEIING

Denne bestandsplanen er ei vidareføring av tidlegare driftplanar for området. Planen no avløyser planen for 2019-2023.

1.MÅLSETTING

1.1. Langsiktig målsetting:

Hovudmålet med forvaltinga av villreinen i Brattefjell-Vindeggen er å sikre ei livskraftig og produktiv villreinstamme.

Delmålsettingar for å nå det langsiktige målet er

- * Ta vare på og betre området sin kvalitetar for villreinen.
- * Arbeide mot inngrep og forstyrningar i området som kan redusere reproduksjonsevna og arealbruken til villreinstamma, men og slik at ei god og tilpassa stamme kan bidra til verdiskaping i bygdene omkring.
- * Sikre ei villreinstamme med sunne dyr og med ei naturleg samansetting når det gjeld kjønn og alder på dyra.
- * Sikre ei human jakt med stabil fellingsprosent (40%) over tid og minst mogeleg stress.
- * Hausting av eit biologisk overskot i villreinstamma, slik at det gjev ei god avkasting og ei rettferdig fordeling mellom grunneigarane.

1.2. Kortsiktig målsetting:

I bestandsplanperioden 2024-2028 er det eit klart mål å stabilisere vinterstamma til rundt 400 dyr +/- 10% avvik.

Delmålsettinga for forvaltinga er:

- Fastsette kvotar i tråd med bestandsplanen og justere planen viss det er naudsynt.
- Stå for innsamling av data om villreinstamma gjennom tellingar, kondisjonsundersøkingar og beiteovervåking.
- Rettferdig fordeling av fellingsløyver mellom jaktrettighetshavarar.
- Ha eit tilfredsstillande oppsyn.

2. INNSAMLING AV BESTANDSDATA

Overvåkinga av villreinstamma i Brattefjell-Vindeggen er ei særskild viktig oppgåve og mål for utvalet. Å ha så gode og oppdaterte tal for bestandsstorleik, samansetting osv er heilt avgjerande for ei god forvaltning.

Overvåkinga går føre seg gjennom 3 ulike tellingar. Det er minimumstelling, kalvetelling og strukturtelling. Minimums- og kalvetellinga vert gjennomført med fotografering frå helikopter med tolking/telling etterpå. Strukturtellinga går føre seg med filming/fotografering frå bakkenivå.


2.1. Minimumstelling 1996-2024

Det har vore gjennomført minimumstellingar på vinteren med fly sidan 1996. I 1999 vart tellinga droppa pga. økonomiske årsaker og i 2005 var forholda for vanskelege. Frå og med 2019 er det brukt helikopter.

1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
383	370	381	-	415	386	434	407	433	-	516	502

2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
463	467	404	415	371	417	435	481	529	575	600	554

2020	2021	2022	2023	2024							
446	390	304	332	324							



Tala syner stor variasjon i bestandsstorleiken, men med eit snittal på i overkant av 400 dyr. Det har vore 2 toppar, 2006/2007 og 2017/2018. Sidan 2018 er stamma nesten halvvert.

Minimumstellingane viser ei dramatisk endring dvs ei halvvering av vinterbestanden sidan 2018.

	Minimumstelling	Kalvetelling	Avskyting	Kvote/fellings%
2014	435	127	51	130/ 39,2%
2015	481	130	68	175/ 38,9%
2016	529	139	83	240/ 34,5%
2017	575	172	93	280/ 33,2%
2018	600	175	118	400/ 29,5%
2019	554	146	125	450/ 27,8%
2020	466	120	124	450/ 27,5%
2021	390	100	82	250/ 32,8%
2022	304	98	-	-
2023	332	60	40	100/ 40%
2024	328			

I same tida er kalvetilveksten og avskytinga tilnærma lik. I tillegg må ein regne med naturleg avgang og kvart år får vi meldingar om funn av daude dyr. Det varierer noko, men det har variert frå 5-15 dyr. I teoretiske beregningar vert ofte 5% naturleg avgang brukt som ein mal. Bruker ein den % på både vintertala og kalvetala, så forklarar ikkje dette den store nedgangen. Det må vere dyr som har trekt ut av området. Det er nærliggande å tru at det er dyr som har trekt over Fv37 og inn på Hardangervidda. Vi har ikkje stadfesta observasjonar, men vi har i ettertid fått meldingar om at det skal ha vore sett dyr som har kome frå BV, kryssa vegen og inn på Hardangervidda.

2.2.Kalvetelling

Målet med kalvetellingane er å få eit oversyn over tilveksten i stamma.

1997	1998	2000	2006	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
81	90	105	162	147	110		112	130	117	127	130

2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023				
139	172	175	146	120	100	98	60				

Tilveksten i 2023 er den lågaste i 20 siste åra. Det var forventa rundt 80 kalvar og det viser seg at kalvetilveksten i ein del andre villreinområder også har vore lågare enn forventa. Kva det skuldast har ein ikkje noko formeining om.

2.3.Strukturtelling

Målet med strukturtelling er 3-delt:

- 2.3.1. Få eit estimat på kjønnsforholdet
- 2.3.2. Få eit estimat på aldersamansettinga
- 2.3.3. Få eit viktig korrektiv til totaltellinga

Tellingane gjennomførast i brunstenperioden då begge kjønn er samla i flokkane. Strukturtellingane er vanskelege å få optimale. Det er tidkrevjande og oktober har skiftande vær og ljøsforhold. Dessutan skal mannskapet ha tid når det er gode forhold. Det kan også vere vanskeleg å skilje simle/ungdyr/småbukk viss forholda ikkje er heilt gode.

Strukturtellingane har ikkje alltid vore like nøyaktige.Tabellane under viser resultatata for dei ulike åra. I tabell 1 er bukk delt i tre kategoriar etter alder. I tabell 2 er det ein del år der bukk er bukk eldre enn 1,5 år. I tabell 3 er bukk delt inn i 3 kategoriar att, men for 2022 og for flokk nr 2 i 2023 har ein måtte slå saman simle og ungbukk sidan det var vanskeleg å skilje dei.

Årstall	Kalv	Simle	Bukk1	Bukk2	Bukk3	Talte dyr
1989	26,50%	54,50%	5,30%	4,50%	11,90%	
1991	21,80%	44,90%	11,50%	9,60%	12,20%	156
1992	18,30%	42,90%	16,60%	12,80%	9,30%	145
1993	16,50%	45,90%	10,50%	12,50%	14,50%	48
1994	17,40%	60,50%	5,80%	4,50%	11,90%	311
1998	20,60%	34,20%	15,60%	7,80%	21,80%	243
1999	17,70%	43,10%	20,20%	7,60%	11,40%	79
2000	21,90%	51,00%	10,90%	7,00%	8,90%	302
Gjennomsnitt	20,00%	53,80%	12,00%	8,28%	12,74%	

Tabell 1

Årstall	Kalv	Simle	Bukk	Talte dyr
2006	24,00%	47,00%	28,00%	415
2008	20,20%	71,00%	8,80%	420
2009	23,60%	65,30%	11,10%	432
2011	27,10%	59,30%	13,30%	173
Gjennomsnitt	23,70%	60,65%	15,30 %	

Tabell 2

Årstall	Kalv	Simle	Bukk1	Bukk2	Bukk3	Talte dyr
2015	25,80%	52,70%	9,00%	4,10%	8,40%	438
2019	25,20%	44,70%	10,60%	7,80%	11,7%	282
2022	23,70%	50,00%		16,70%	9,60%	114
2023 1	25,80%	52,60%	7,20%	3,10%	10,30%	97
2023 2	15,80%	71,20%		4,10%	8,90%	149

Tabell 3


Fordelinga på alder og kjønn varierer sjølvsagt noko. I 2023 vart det etter sterk oppfordring frå Miljødirektoratet og Villreinnemnda skote ein høg andel eldre bukk. (23 eldre bukk av 40 felte dyr). Strukturtellinga hausten 2023 syner at andelen eldre bukk har gått ned og er underkant av 15%. I villreinforvaltninga har det alltid vore ei rettesnor om at andelen vaksne bukkar i ei villreinstamme bør minimum vere 15%. Der er vi no og det vert viktig i forvaltning å ikkje redusere andelen endå meir med mindre ein blir pålagt det av omsyn til sjukdom dvs CWD.

Det er viktig å prioritere å få til gode strukturtellingar framover. Gjennom GPS-prosjektet har ein gode moglegheit for å finne ein god del av dyra.

2.4. Kjeveinnsamling


Oppsluttinga kring kjeveinnsamlinga har vore varierende. I fleire år er det berre 50-60% av skotne kalvar som det er levert kjeve av. Nokre av kjevane mangla også data (kjønn, vekt og fellingsdato), øydelagte sidan dei var avbrotne og fleire var ikkje reingjorde. I 2021 og 2023 har innlevering og kvaliteten på kjevane blitt mykje betre.

Diagrammet under viser gjennomsnittsverdiar. Ein må ikkje sjå seg blind på tala, men over tid vil ein kunne sjå om det er nokre tendensar. Det kan sjå ut som at det er ein fallande tendens dvs at kalvane kan sjå ut for å ha blitt litt mindre sidan 2019. Sidan vekttalet er av særskilte varierende kvalitet (manglar, anslått) er det vanskeleg å samkøyre kjevelengde og vekt. Vektutviklinga på kalvane må vi fylgje betre med på. Det er også eit viktig måleparameter i samband med Kvalitetsnormen.



3. JAKTUTTAK/JAKTSTATISTIKK

Målet med jaktstatistikken er å få eit nøyaktig oversyn over kor mange dyr som er felt kvart år, fordeling på kjønn og alder, og kor stort uttaket er i høve til utdela kvote, dvs.fellingsprosent. Stammeendring er skildnaden i dyretal frå starten av året til slutten, basert på endringane i totaltellingane frå år til år, eller rekna ut som endringar i kalvetilvekst og avskyting. Irregulær avgang er avgang i stamma som ikkje skuldast ordinær jakt, men til dømes sjukdom, naturleg død, ulykker o.l. I BV har denne avgangen vore estimert til 2-3%, men det er truleg noko for lågt. Truleg vil 6-8% vere meir riktig.



År	Antal felte dyr					Sum antal	Fellings%
	Antal løyver begge kjønn	Kalv		Bukk	Simle		
		1,5 år	2 år <				
		begge kjønn					
1980	310	49	17	73	110	249	80
1981	324	67	20	59	107	253	78
1982	457	83	68	49	131	331	72
1983	500	82	27	55	155	319	64
1984	550	85	53	52	128	318	58
1985	499	74	61	44	114	293	59
1986	332	39	27	28	71	165	50
1987	342	31	27	17	63	138	40
1988	385	42	41	36	78	197	51
1989	390	48	42	30	71	191	49
1990	350	44	43	22	56	165	48
1991	135	18	15	15	23	71	52
1992	75	9	7	14	6	36	48
1993	66	8	3	4	6	21	32
1994	129	22	14	6	22	64	50
1995	173	21	15	11	26	73	42
1996	219	37				112	51
1997	230	31	16	20	35	102	44
1998	250	21	16	26	35	98	39
1999	210	22	5	33	28	88	41,9
2000	240	26	17	28	32	103	42,9
2001	240	16	15	24	22	77	32
2002	260	30	21	27	38	116	44,6
2003	230	27	24	17	16	84	36,5
2004	250	25	19	25	33	102	41,2
2005	250	20	17	20	18	75	30
2006	280	30	22	32	27	111	42,4

2007	330	34	34	45	43	156	47,3
2008	340	20	28	32	34	114	33,5
2009	300	38	41	26	49	154	51,3
2010	235	32	25	28 0	30	103	43,82
2011	260	35	37	26	39	137	52,7
2012	125	11	12	6	21	50	40
2013	140	12	17	9	17	55	39,28
2014	130	11	15	10	15	51	39,23
2015	175	16		17	35	68	38,9
2016	240	23		14	46	83	34,5
2017	280	28	21	10	34	93	33,2
2018	400	32	31	20	35	118	29,5
2019	450	37	31	15	42	125	27,8
2020	450	28	30	23	43	124	27,6
2021	250	15	25	6	36	82	32,8
2022	-	-	-	-	-	-	-
2023	100	7	3	27	3	40	40,0

Jaktstatistikk for 1980-2023.

3.1.Fellingsprosent

Fellingsprosenten har i siste planperiode vore i underkant av 30%. Låg fellingsprosent gjennom mange år kjem av at dyra dreg ned i skogen juni/juli og kjem ikkje tilbake før i slutten av september.. Dette skapar problem for jakta og tellingar som grunnlag for skikkeleg forvaltning. Tiltak i denne samanheng i tidlegare bestandsplanar har vore utviding av jakttid og tilpassing av jaktområdet. Ordinær jakttid er frå 20/8 til 30/9. I åra 2017 – 2021 har jakttida vore utvida med 14 dagar. Det har vore heilt naudsynt for å få auka avskytinga. Samstundes har kvotene vore særst høge og i løpet av dei siste 10 åra er det berre jakta i 2023 der fellingsprosenten kom opp i 40 %.

4. KVALITETSNORMEN

Kvalitetsnormen for villrein er eit kunnskapssystem som skal klassifisere villreinområda i god (grøn), middels (gul) eller dårleg (rød) kvalitet. Klassifiseringa skal gjennomførast kvart 4.år. Vurderingane tek utgangspunkt i 3 delnormer, 1) bestandsforhold, 2) lavbeitet og 3) leveområder og menneskeleg påverknad.

Fyrste klassifisering er no gjennomført for alle villreinområda i landet. For Brattefjell Vindeggen vart status RØD dvs dårleg kvalitet.

Delnorm 3 – leveområder og menneskeleg påverknad er RØD. Viss ein delnorm er rød så blir også status for villreinområdet rød. Reinen er i praksis borte frå Svinefjell og aust for Gaustadtoppen/Håkanesfjellet på grunn av stor hytte- og reiselivsutbygging i områda. Denne delnormen tek utgangspunkt i reinen sin bruk av areala dei 50 siste åra og mykje har skjedd på den tida.

Delnorm 2 dvs lavbeitet er av middels kvalitet (gul).

Delnorm 1 bestandsforhold inneheld fleire måleparameter. Genetiske variasjon er god (grøn). Når det gjeld kjønns- og alderskorrigert slaktevekt på kalv, antal kalvar pr 100 simle og ungdyr og andel eldre (3 år) bukk pr vaksen (1 år) simle så er datagrunnlaget litt for dårleg til at det har blitt vurdert. Det har ikkje innverknad på statusen til delnormen som er god (grøn).

Resultatet viser at innsamling av data og bruken av det er heilt avhengig av kvalitet. Kalvar må vegast og strukturtellinga må vere så god at ein kan skilje på kjønn og alder dvs 5 segment.

Det er eit mål at alle villreinområder etter kvart får minimum “stempelet” middels kvalitet (gul). Å reversere utbygde områder rundt Gaustadblick og Holtardalen-Vierli er i praksis ikkje realistisk. Meir aktuelt og relevant er å vurdere kvar skiløyper og anna tilrettelegging skal vere.

5. BESTANDSMÅL

Bestandsmålet i utgåande plan har vore +/-550 dyr. Det nivået hadde vi berre i 2019 for så å bli nesten halvvert dei 2 neste åra. Sidan 1996 har stamma i snitt vore i overkant av 400 dyr.

Dei siste 20 – 30 åra har det gått føre seg ei stor utvikling innan hyttebygging i nærområda til villreinen. Områda Svinefjell og Håkanesfjellet er ikkje lenger i bruk av reinen. Dette var viktige beiteområder for ein del av bukkane. Reinen har såleis eit mindre område å ferdast på enn tidlegare. Posisjonane på dyra som har GPS-sendarar viser klart korleis og kvar reinen bruker/er i villreinområdet.

Vektene på felte dyr varierer mykje. Ein del dyr er utan vekt og ein del har anslått vekt. Ein har såleis ikkje noko eksakt tal for om vektene har gått ned, men det meldast frå fleire jegarar at dei synest det er ein de lettare dyr. I 2023 vart vektrapportering mykje betre og held det fram så vil ein betre kunne sjå om det er ei utvikling.

Kvalitetsnormen seier noko om den genetiske variasjonen i stamma. For BV er den bra, men ein må fylgje med på det. Det vil seie at ein ikkje kan ha ei for låg stamme. Om td 400 dyr er ei for låg stamme har ein ikkje klare svar på.

Utvalet meiner at det vil vere fornuftig å legge bestandsmålet til +/- 400 dyr og ta oppbygginga av stamma gradvis. Ein har betre “kontroll” med ei gradvis oppbygging framfor å ta auken på kort tid.

6. AVSKYTINGSPLAN

Vinterstamma/minimumstellinga 2024 er i underkant av 330 dyr.

Ei hovudmålsetting med kvotene er at ein haustar alle kjønns-og aldersgrupper i forhold til forekomst og samansetning i den levande bestanden viss denne samansetninga er tilfredstillande. Dette er den einaste måten å stabilisere strukturen og uttaket på over tid.

Ein viktig målsetting er å bevare minst 15% av dei vaksne bukkane i stamma (T.Skogland 1994)

Minimumstellingane har vore og vil vere eit viktig grunnlag når kvota skal fastsettast. Likeeins vil kalvetellingane og strukturtellingane vere viktige. Villreinutvalget legg mykje ressursar i å få til desse tellingane og ser at kvaliteten i strukturtellingane må bli endå betre. . Viser det seg at forutsetningar ein har lagt til grunn for kvote endrar seg så må sjølvstakt kvotestorleiken justerast. Bestandsmålet på +/- 400 dyr er det ein siktar seg inn på.

I 2023 vart det oppfordra til eit høgare uttak av bukk og det vart gjennomført. På sikt kan ein ikkje halde fram med det og ein bør kome attende til meire normal fordeling på kjønn og alder. Bestandsstorleik i forhold til bestandsmålet og struktur i bestanden er avgjerande for fordelinga. Ved "normale" forhold vil denne fordelinga vere aktuell: Frie dyr 20-30%, Simle/ungdyr 35-40% og Kalv 35-40%

7. TILTAK I PLANPERIODEN 2024-2028

- Bruke dei virkemiddel som fins i lovverket for å take vare på leveområda for villreinen i Brattefjell-Vindeggen.
- Gjennom funna i Kvalitetsnormen og tiltak i ein mogeleg tiltaksplan for BV bidra til betre forhold for reinen. Konkret her er å justere/endre på den organiserte ferdselen på vinteren og på barmark.
- Grunneigarsamarbeid på tvers av kommunegrensane for å få til ei optimal forvaltning av villreinstamma.
- Informasjonstiltak og haldningskapande arbeid overfor alle som nyttar Brattefjell- Vindeggen til rekreasjonsområde. Næringsmessig utnytting av området må samordnast med villreinforvaltninga, slik at det ikkje oppstår konflikt.

8. VILLREINFORVALTNING

8.1. Tellingar og jakt

- Årlege kalvetellingar saman med NINA
- Minimumstelling i januar-mars kvart år.
- Strukturtelling kvar haust.
- Forbetre kvaliteten på kjeveinnsamlinga
- Ha eit mål om at alle felte dyr vert vegd og rapportert i hjorteviltregisteret
- Arbeide for å ta vare på produksjonsdyra (dei største), unngå gevirseleksjon i den grad det er mogeleg.
- Ved fastsetting av kvote bruke ein fellingsprosenten på 40.
- Ha eit forsvarleg oppsyn under jakta.
- Ha eit godt samarbeid med Villreinsenteret og SNO.

8.2.Vurdere tilsyn med området utanom jakttida, eks.i kalvingstida og på tider av året der området vert mykje nytta (påsketraffikken o.l). Informasjonsarbeid

Informere om utviklinga i villreinstamma.

Gje ut informasjonsfolder saman med jaktkorta.

Nytte heimesida og FB-sida til Brattefjell-Vindeggen.

8.3.Oppfylging og korrigering i planperioden

For å drive forvaltninga av BV er det ein føresetnad at Villreinutvalet disponerer nok ressursar.

Saman med Villreinnemda korrigere bestandsplanen og tiltaka dersom dette er naudsynt.

Gjennom godkjenning og revisjon av bestandsplanen er rettighethaverane med på å styre utviklinga i forvaltninga av Brattefjell-Vindeggen.

9. ØKONOMI

For å drive forvaltning av BV-villreinområdet gjennom Villreinutvalet må det vere ein god økonomi. Alt kan ikkje drivast på dugnad. Måten å få inn midlar til drifta og spesielle tiltak er:

- Tilskot frå NINA og Miljødirektoratet i tråd med tiltaksplanen.
- Tilskot frå Statsforvalteren og frå innbetalingar av fellingsavgifter.
- Sporadiske kommunale tilskot til større tiltak.
- Organisasjonsavgift pr. fellingsløyve.
- I samband med at Kvalitetsnormen er innført vert det lagt opp til å få ei endå betre oppfylgging av reinen og som vil kreve ein auka innsats. Det må kompensrast med auka løyvingar. Full dekning av kostnader for innsamling av data til Kvalitetsnormen er eit krav.

	2024	2025	2026	2027	2028
TILTAK med kostnader					
Minimums-telling, helikopter	50000	70000	70000	70000	70000
Kalvetelling, blir kosta av NINA					
Strukturteiling	30000	30000	30000	30000	30000
Informasjon	20000	20000	20000	20000	20000
Drift	50000	50000	50000	50000	50000
Bestandsplan	15000				
Beitegransking				100000	
Totalt	165000	170000	170000	270000	170000

